

3 lokale professorar drøftar liv og gudstru

10.10.2014

Neste laurdag, 18. oktober, kjem eit nytt høgdepunkt i kyrkjejubileet i Uskedalen. Då kjem 3 professorar med sterk tilknytning til bygda saman i ein spennande samtale der dei funderar over nokre av dei store spørsmåla i tilveret. Dag E. Helland er professor i bioteknologi, Jørn Øyrehagen Sunde rettshistorikar og Reidar Myklebust professor i anatomi og alle er knytt til universitetet i Bergen.



Professor Dag E. Helland

Tormod Myklebust skriv slik foran møtet - på vegne av soknerådet:



Professo Jørn Øyrehagen Sunde

Kyrkja i Uskedalen er 100 år. Jubileumsbok er skrive, Gjennom året har ein feira med salmekveld, konsertar, gudstenester, trusopplæringstiltak og diverse anna.

Laurdag 18. oktober vert me invitert med på ein anande samtale der biologi, jus, medisin og kristentru saman funderar nokre av dei store spørsmåla i tilveret.



Professor Reidar Myklebust

Kven kjem? Jau, professorane Dag E. Helland, Jørn Øyrehagen Sunde og Reidar Myklebust. Desse er Uskedalen sine eigne professorar, etter som dei på ulik vis har sterk tilknytning til bygda. Sokneprest Aksel Lygre frå Bømlo leier samtalen og vil også bidra musikalsk.

Dag E. Helland

er professor i bioteknologi ved Universitetet i Bergenm der han underviser i emnet bioetikk med kristen etikk som ein del av innhaldet. Han har arbeidd mykje med bioetikk også internasjonalt, og i 8 år sat han som leiar for Den internasjonale

forskningsetiske komite for naturvitenskap og teknologi. Som rådgjevar for Helsetilsynet har han vore med på å utforma diverse relevante lovar. Reint fagleg arbeidar han med virus, særleg med AIDS, og har mellom anna undervist i medisinsk virologi for medisinstudentar i Afrika.

Jørn Øyrehagen Sunde

er nosk jurist og rettshistorikar. Han leiar forskargruppa for rettskultur ved det juridiske fakultetet i Bergen, som arbeider med kvifor ein i ulike kulturar har ulike oppfatningar av rett og galt. Han leiar og Landslovprosjektet 2014-2024 der ein studerar korleis ein endra det norske mellomaldersamfunnet gjennom lovgjeving. Og han skriv Høgsteretts historie 1965-2015 og skal etterpå leia eit domstolprosjekt der ein skal arbeida med kva rolle domstoler spelar i eit moderne, internasjonalt samfunn. Sumde er og forskningsleiar ved museet baroniet Rosendal og har gjeve ut fleire bøker, mellom anna antologien Dekalogen med 13 essay om dei 10 boda Gud gav Moses.

Reidar Myklebust

tok sin doktorgrad ved Universitetet i Bergen, institutt for anatomi, i 1980. Frå 1981 til 2001 arbeide han som professor i anatomi som leiar av Elektronmikroskopisk avdeling ved Universitetet i Tromsø, der han mellom anna dreiv hjarteforskning. Sidan 2002 har Myklebust arbeidd som professor ved Institutt for anatomi oig cellebiologi ved Universitetet i Bergen.

Er vitskap og tru størrelser som utelukkar kvarandre gjensidig? Kva utfordringar oppstår for trua og tanken når kristen tru og vitskap møtest og når ein skal tenkja og forstå alt dette saman?

Kyrkja i Uskedalen er 100 år. Her møtest born, ungdom og menneske i alle aldrar til gudsteneste og til dei store dagane i livet - dåp, konfirmasjon, bryllaup og anna. Her møtest dei også til avskjed med nære og kjære. Kan me anno 2014 våga å tru på ein himmel over livet og bak død og grav? Kan me våga å tru at ei gamal bok inneheld svar for livet om rett og galt? Kan me våga å seia: 'Slik lyder Herrens ord'?

Velkommen til ein samtale om dei store spørsmåla og kanskje også nokre mindre. Trass i at det er 'schwung' over temaet skal me prøva å leggja til rette for ein kveld med glimt i auga og himmelsk overlys.

Tekst: Tormod Myklebust, Aksel Lygre og Ola Matti Mathisen

Foto: Ola Matti Mathisen, Kristian Hus og Kvinnheringen

Nett: Ola Matti Mathisen